

Sauda kommune

Rettleiar for nærvær og fråvær

Alle barn i Saudaskulen er ønska på skulen



Sauda kommune

Innhald

Rettleiar for auka skolenærvær	1
Avklaring av omgrep	3
Risikofaktorar og beskyttande faktorar knytt til skulefråvær	3
Faktorar ved skulen	3
Faktorar ved familien	4
Faktorar ved barnet	4
Oppretthaldande faktorar	5
Tiltak.....	5
Idêbank tiltak (kjem)	
RUTINE FOR OPPFØLGING AV NÆRVÆRSOPPFØLGING	6

Versjon og revisjon av plan:

Utkast til fagdel av plan er utarbeidd av Folkehelsekoordinator og Kommunepsykolog i Sauda kommune i juni 2025. Desse har tatt utgangspunkt i eit grunnlagsarbeid frå ei tverrfagleg samansett faggruppe i Sauda kommune. Sjølve rutinen for oppfølging tar utgangspunkt i eit pilotprosjekt for oppfølginga av sjukefråvær i ETT og dei kommunale barnehagane i Sauda. Denne rutine er tilpassa oppfølging av elevar i skule.

Første versjon av planen blei revidert og godkjent i møte 26.06.25. I dette møter deltok rektorane, avdelingsleiarar skule, HTV Utdanningsforbundet og kommunalsjef.

Rettleiar for auka skulenærvær

Alle barn i Sauda skal bli sett, tolt og høyre til. Eit viktig premiss i dette er høg grad av skulenærvær.

I Sauda merkar vi når eit barn forsvinn frå oss, og dette skal vi arbeida hardt for å unngå.

Skular som er gode på nærvær har følgjande kjenneteikn¹:

- ✓ Lærer tar ansvar for å byggje ein god relasjon til alle elevar.
- ✓ Skuleleiinga set tema «Korleis byggje ein god relasjon» på agendaen årleg.
- ✓ Klasserommet er kjenneteikna av elevmedverknad og gode demokratiske prosessar.
- ✓ Alle elevar opplever meistring i skulekvardagen.
- ✓ Kontaktlærer/andre tilsette følgjer opp rutine og bekymringsgrense for fråvær.
- ✓ Klassemiljøet opplevast som eit inkluderande miljø.
- ✓ Elevar med behov for tilpassa opplæring får dette i det ordinære fellesskapet.
- ✓ Tilsette, elevar og føresette er kjend med skulens innsats for nærvær og fråværsrutinar.

Når barn og unge ikkje går på skulen er det skadeleg for barnet og eleven i eit nå-perspektiv, men også på lang sikt. I tillegg til at barna går glipp av viktig undervisning, bli dei også isolert og mistar kontakt med vener og nettverk, og dei kan få symptom på ulike psykiske lidningar.

Forskning indikerer at barn og unge med fråværsproblematikk på skulen har auka risiko for utfordringar i arbeidslivet, får lågare utdanning og rapporterer om lågare livskvalitet ²

¹ [Rutiner for nærvær og fravær - Vestre Toten kommune](#)

² [Hva er skolevegning? | Psykologforeningen](#)

Begrepsavklaring

- + **Bekymringsfullt nærvær/fråværsåtferd** er når eleven strevar med å gå på skulen, men endå ikkje har utvikla eit fråvær fordi føresette og skule greier å tilretteleggje.
- + **Dokumentert fråvær** er fråvær knytt til sjukdom eller innvilga permisjon.
- + **Udokumentert fråvær** er fråvær som ikkje er foreldremeldt eller overstig innvilga permisjon.
- + **Bekymringsfullt/Alvorlig skulefråvær** er alt fråvær som overstig 10 % til eikvar tid. Inkludert i dette er:
 - Ein enkelttime udokumentert fråvær
 - 10 % dokumentert fråvær
 - Har kome for seint på skulen 3 gonger ila den siste månaden
 - Møter på skulen, men forlet den att
 - Går mykje ut av undervisningstimar/vandrar

Risikofaktorar og beskyttande faktorar knytt til skulefråvær³⁴

Det er viktig å forstå skulefråvær som eit symptom på noko anna.

Skulefråværet kjem av noko, og det er viktig å kartleggje årsakene til dette. I tillegg er det vanleg at det som ein gong løyste ut skulefråværet etter kvart ikkje er det som opprettheld det. Så vi må også kartleggje oppretthaldande faktorar.

Faktorar ved skulen

Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
- Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær - Høgt lærarfråvær (sjukdom, turnover) - Utfordrande læringsmiljø - Lite/mangelfull tilpassa opplæring - Svake relasjonar mellom vaksne på skulen og barnet ○ Låg grad av omsorg og varme - Svake relasjonar mellom barna ○ Høg forekomst av åtferdsvanskar, utestenging, utrygge relasjonar osv. - Skadeleg psykososialt miljø - Skulens kompetanse på nærvær/fråvær - Låg kollektivkjensle - Lite kompetanse på psykiske vanskar	- Godt registreringssystem og oppfølging av fråvær - Tydeleg klasseleiing - Velfungerande tilpassa opplæring - Trygg relasjon mellom lærar og elev - Trygg relasjon mellom elevane - Fast rutine om informasjon til elev og føresette om betydning av nærvær - Godt skule-heim samarbeid - God informasjonsflyt ved overgangar og lærarbyte (inkl. nye elevar i klassen) - Interne støttesystem for barnets beste - Tidleg involvering av andre aktørar - God samanheng mellom fagleg og sosial læring - Høg kollektivkjensle

³ [Kvello-Risiko-og-beskyttelsesfaktorer-mars-2022.pdf](#)

⁴ [Rutiner for nærvær og fravær - Vestre Toten kommune](#)

Faktorar ved familien

Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
- Låg sosioøkonomisk status - Relativ fattigdom - Manglar i butilhøve - Psykiske vanskar hos føresette - Rusutfordringar - Ulike former for vald og omsorgssvikt, manglande/ikkje tilfredsstillande emosjonell respons - Samspelsvanskar i familien - Endra familiesituasjonar - o Brot, dødsfall, bonusforeldre, søsken, høgt konfliktnivå, fleire flyttingar - Manglande/ikkje tilfredsstillande leiing og – rettleiing frå føresette/vaksne til barnet - Føresette med eigne negative erfaringar med skule - Lite sosialt nettverk - Utanfor arbeidslivet og samfunnet, nå eller over ein lengre periode tidlegare - Føresette som har begått eller begår kriminelle handlingar - Føresette eller søsken med alvorleg fysisk funksjonsnedsetting/sjukdom	- God psykisk helse hos føresette - Godt samarbeid mellom føresette og skule - God involvering i barnets skulekvardag - Støttande sosialt nettverk - Integrert i samfunnet - Føresette med jobb og/eller under utdanning - Føresette som samarbeidar godt seg imellom - Tilgang på andre vaksne som investerer tid, omsorg og som likar barnet.

Faktorar ved barnet

Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
- Manglande meistring på skulen - Manglande sosial tilhøyrse - o Få vener /skjebnefellesskap - o Låg sosial kompetanse - o Vanskar med samhandling - Nevroutviklingsforstyrning som ikkje blir avdekket og/eller avhjelpet - o Påverkar barnets evne til å utvikle seg fysisk, kognitivt, emosjonelt eller sosialt - Utfordrande emosjonsregulering - o Tilbaketrukket/engsteleg - o Bekymringar og tankekjør - o Prestasjonsangst - o Irritabilitet og sinne - Auka forekomst av sjukdom og diffuse plager	- God sosial kompetanse - Positivt sjølvbilete - Minst ein god ven – gode sosiale relasjonar på skulen - Kjenner på tilhøyrse - Skulefagleg meistring - Adekvat kognitiv utvikling, språkutvikling, åtferd, moral, emosjonell og motorisk utvikling - Deltak på hobby eller fritidsaktivitet som gir meistringskjensle - Barnet er prega av framtidsoptimisme, mottek mange bekreftingar frå andre om at dei er godt likt, har eit indre utviklingsdriv, prososial i eit prososialt fellesskap - Tilpassar seg godt til reglar, rutinar, godtek grensesetting

Oppretthaldande faktorar

Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
- Barnet er usikker på kva klassen held på med - Barnet tenker at det heng etter fagleg - Mistar kontakten med vener - Redd for spørsmål når dei kjem tilbake - Innhaldsrik dag heime med tv, mobil og internett	- Kontinuerleg kontakt med lærarar og medelever - «vi saknar deg» - Informasjon om kva ein held på med på skulen, både fagleg og sosialt - Avklart informasjon om elev til resten av klassen - Tilgang på vener utanfor skuletid - Forventningar knytt til tid brukt heime - o Plikter heime, skularbeid, kontakt med skulen osv

Tiltak

Tiltak skal rettast inn mot barn ein har ei uro for, så tidleg som mogleg (jmf. BTI-modellen). Dette vil spare barnet og samfunnet for stor belastning.

Tiltak handlar om å kartleggje risiko og beskyttelse i og rundt barnet, samt oppretthaldande faktorar. Når faktorane er kartlagt må ein styrkje beskyttelsesfaktorane, og redusere risikofaktorane. I dette kan ein trenge hjelp og støtte frå tenestene rundt.

Tiltak skal beskrivast konkret, og skal være mogleg å måle effekt av.

Rutine for nærværsoppfølging

Lærer skal vekentleg ringe eller møte eleven og føresette til fast avtalt tid, og oppdatere oppfølgingsplanen.

Tiltak skal evaluerast seinast etter 3 veker. Nærværsarbeid er tolmodsarbeid.

REKTOR OG LÆRAR

ELEV OG FØRESETTE

1.0 Førebyggjande arbeid

- ✓ Lærer informerer om kommunen sin rutine for nærvær og fråvær på foreldremøte kvar haust.
- ✓ Rektor har gjennomgang av rutinen med dei tilsette ved oppstart av kvar termin. (August/januar)
- ✓ Lærer fører alt av fråvere i Visma, også ved fråvær av deler av enkelttime

- ✓ Haldningsarbeid i heimen til oppmøte på skulen: Føresette viser gjennom positive foreldrehaldningar og daglege rutinar at dei verdset skule og ser det som viktig at barnet møter opp og deltek aktivt i skulekvardagen.
- ✓ Haldningsarbeid i heimen ved litt sjukdomskjensle: Det er betre å møte på skulen og eventuelt gå heim dersom ein kjenner seg litt uvel, enn å bli heime frå starten av.

2.0 Bekymringsfullt nærvær

- ✓ Lærer kallar inn føresette til møte ved bekymring for trivsel, kartleggje situasjonen og iverksetje tiltak.
- ✓ Tiltaka skal rettast mot skule, heim og elev.
- ✓ Tiltaka skal evaluerast etter 2-3 veker.

- ✓ Gi beskjed til lærar så snart som mogleg når det er vanskeleg å gå på skulen.
- ✓ Bli med på møte for å kartleggje årsaker og samarbeid om gjennomføring av tiltak.

3.0 Alle typar fråvær

Steg 1: Oppfølging av fråvær

Snarast og seinast innan 1 veke

Kontakt mellom heim og skule

REKTOR OG LÆRAR

- ✓ Lærer ringjer heim til føresette og elev så snart som mogleg ved ugyldig fråvær. Også ved 10 % gyldig fråvær.
- ✓ Om mogleg avklar forventa lengde på fråværet.
- ✓ Start kartlegging av elevens skulekvardag. NB! Risikofaktorar og beskyttande faktorar.
- ✓ Gjennomfør pedagogisk analyse for å finne dei oppretthaldande faktorane
- ✓ Iverksett tiltak

- ✓ Telefonkontakt/snakke saman
- ✓ Kontaktlærer kontaktar elev og føresette
- ✓ Vis omsorg og interesse, målet er å skape dialog og tillit, samstundes som ein får kartlagt situasjonen og viser at ein vil ha eleven tilbake på skulen. Hjelpfokus.
- ✓ Avtal når du tar kontakt på ny for å avtale eit fysisk møte, om eleven ikkje er tilbake på skulen innan den tid (tidleg i veke 2 av fråværet)

- ✓ Fysisk møte
- ✓ Tema i møtet: Kva skal til for at eleven kan kome tilbake til skulen, heilt eller delvis?
- ✓ NB! Viktig å vere tidleg på og bruke risikofaktorane og beskyttande faktorar som utgangspunkt for dialogen.
- ✓ Møtereferat som dokumentasjon, i elevmappa.
- ✓ Opprett oppfølgingsplan i Visma Samspill innan to veker. (Mal for oppfølgingsplan i Visma Sikker Sak)
- ✓ Avtal tid for neste møte.

ELEV OG FØRESETTE

- ✓ **Fråvær skal meldast inn så tidleg som mogleg til lærar:**
- ✓ I samtale med lærar skal de prøve å estimere forventa lengde på fråværet
- ✓ De skal registrere alt fråvere i Visma. Gi gjerne informasjon om fråværet er skulerelatert, familierelatert eller relatert til barnet.
- ✓ Ved sjukemelding: Send sjukemelding til kontaktlærer.

- ✓ Bidra til ein open og løysingsorientert dialog med kontaktlærer.
- ✓ Samarbeide om å finne løysingar for at eleven raskast mogleg kjem tilbake til skulen, til dømes ved å sei kva eleven kan og ikkje kan gjere av skulearbeid.

- ✓ Elev og føresette skal møte på møta med skulen med mindre det ligg føre medisinske årsaker som hindrar dette. De kan ta med representant frå eventuelle hjelpetenester i møte.
- ✓ Best mogleg utfall krev samarbeid. Samarbeid med lærar om utarbeiding av oppfølgingsplanen. Del tankar om dei oppgåver og situasjonar som helsa tilseier at eleven kan klare.
- ✓ Informere så ærleg du kan om eigen situasjon og anslå lengde på fråværet, om mogleg.

Steg 2: Oppfølging av fråvær

Seinast innan 2 veker

Fysisk møte

Steg 3: Oppfølging av fråvær

Oppfølgingsmøter

REKTOR OG LÆRAR

- ✓ Det bør ikkje gå for lang tid mellom kvart møte, vekentleg kan vere retningsgivande, men må vurderast i kvar situasjon.
- ✓ I møta skal ein drøfte moglegheit for aktivitet med utgangspunkt i oppfølgingsplanen:
 1. Sjå på moglegheiter som ikkje er prøvd.
 2. Drøfte vidare oppfølging for å sikre tilbakeføring til skulen.
 3. Avtale neste møte.
- ✓ Lærer og elev skal oppdatere oppfølgingsplan etter gjennomført møte.
- ✓ Lærer og elev/føresett vurderer om det er behov for andre hjelpetenester som PPT, skulehelseteneste, BFT blir kalla inn til møte. Elev/føresette må samtykke til dette.

ELEV OG FØRESETTE

- ✓ Elev og føresette skal møte på møta med skulen. De kan ta med representant frå eventuelle hjelpetenester i møter.
- ✓ De må møte med mindre det ligg føre medisinske årsaker som hindrar dette
- ✓ Best mogleg utfall krev samarbeid. Samarbeid med lærar om utarbeiding av oppfølgingsplanen. Del tankar om dei oppgåver og situasjonar som helsa tilseier at eleven kan klare.
- ✓ Informere så ærleg du kan om eigen situasjon og anslå lengde på fråværet, om mogleg.
- ✓ Vere innstilt på og gjere andre arbeidsoppgåver heime for å bidra til at du kjem tilbake til skulen raskast mogleg.

Steg 4: Oppfølging av fråvær

Tverrfagleg innsats

- ✓ Om eleven ikkje er tilbake på skulen innan rimeleg tid, treng ein fleire kompetansemiljø for å hjelpe eleven.
- ✓ Kva som er rimeleg tid må vurderast i kvar sak. Er det effekt av tiltak i oppfølgingsplanen, må ein ha tolmod og halde fram det arbeidet.
- ✓ Har tiltak i oppfølgingsplanen liten/ingen effekt, skal ein kople på andre hjelpetenester snarleg, seinast etter 2-3 veker med utprøving av tiltak. I nokre tilfelle endå tidlegare. Effekt av tiltak målast først og fremst i om eleven er meir på skulen.
- ✓ Lærer ber rektor kalle inn til BTI-møte for tverrfagleg kartlegging og tverrfaglege tiltak.

- ✓ Føresette og elev gir samtykke til tverrfagleg møte, og deltek i dette møtet.